

PUBLISERT 5. november 2014

Griper tidligere inn mot innvanderbarn



BARNEVERNET

hjelper stadig
flere barn av
innvandrere.

(Illustrasjonsfoto:
YAY Micro)

Andelen barn med innvandrerbakgrunn som er i kontakt med Barnevernet øker. I perioden 2005–2010 utgjorde de hele 37 prosent. Det viser seg også at barnevernstjenesten griper tidligere inn i familier med utenlandske foreldre enn når både barn og foreldre er norske: gjennomsnittet er henholdsvis 6 år og 8,7 år. I underkant av en tredjedel av barna blir plassert utenfor hjemmet

Resultatene kommer frem i runde to av NOVAs (Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring) longitudinelle studie «Barnevern i Norge 1990–2010». Nesten 170 000 personer i alderen 0–43 år som fikk tiltak under barnevernet i perioden 1990–2010 er med i undersøkelsen.

Andelen unge med barnevernserfaring som ser ut til å takle overgangen til voksenlivet, har nesten doblet seg i løpet av de fire siste årene studien har pågått, forteller prosjektleder Elisabeth Backe-Hansen i en pressemelding fra NOVA.

– Det er fortsatt slik at unge voksne uten barnevernserfaring gjør det bedre enn jevnaldrende med slik erfaring, og det må vi regne med. Men vi ser også at det skjedde en vesentlig forbedring for mange i løpet av en fireårsperiode. Dette kan tyde på at en god del barnevernsbarn trenger mer tid på å etablere seg enn andre unge, men at de kommer i mål etter hvert.

Kilde: Backe-Hansen et al. NOVA Rapport 9/14. Barnevern i Norge 1990–2010. En longitudinell Studie

Glad musikk og ein trist tekst



I
MUSIKKENS

VERDEN
kan trist
gjøre glad.
(Foto:
iStock.com)

Kazuma Mori and Makoto Iwanaga spelte songane «Och Jag Grät Mig Till Sömnns Efter Alla Dar» med den svenske artisten Annika Norlin, og «Regresa a Mi», ein spansk kjærleikssong om hjartesor og anger, for 57 japanske studentar. Begge songane går i dur og i raskt tempo.

Først lytta studentane bare på musikken. Deretter las dei tekstane omsett til japansk. Til sist lytta dei til musikken med teksten framføre seg. Som venta opplevde forsøkspersonane tekstane åleine som tristare enn tekst og musikk saman.

Studentane rapporterte å kjenna seg like glade etter å ha høyrte musikken saman med den triste teksten som etter å ha høyrte bare den glade musikken. Medan det å lesa tekstane isolert gjorde at dei kjente seg triste. Emosjonen i tekstane blei med andre ord overstyrt av musikken, skriv BPS Media Centre.

Logisk nok korrelerte gleden studentane opplevde ved å høyra musikken eller lesa tekstane, med kor glad dei opplevde musikken eller teksten å vera. Meir underleg er det at når musikk pluss tekst skulle vurderast, rapporterte dei at *tristheita* i kombinasjonen gjorde at dei sjølve kjente seg meir oppløfta.

Mori og Iwanaga meiner at trist/glad-kombinasjonen fangar ein kjenslekompleksitet som vi finn estetisk tilfredsstillande. Ifølgje dei japanske forskarane utløyser denne kompleksiteten polyvalente gode kjensler. Fysiologisk peikar dei på at ein rask melodi utløyser produksjonen av hormonet prolaktin, som kan gje ei kjensle av ro. Slik kan triste kjensler bli opplevd utan eigentleg psykisk smerte.

Kjelde: Mori, K. & Iwanaga, M. (2014). Pleasure generated by sadness: Effect of sad lyrics on the emotions induced by happy music *Psychology of Music*, 42(5), 643–652 DOI: 10.1177/0305735613483667.

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 51, nummer 11, 2014, side 934